

Oppdragsgivers kravspesifikasjon

1. Bistand til slutføring av planforslag KPA og KDP KAA

~~9. januar 2019.~~

21. januar 2019

2. Innleiing

Lindås kommune arbeider no med å rullere både kommuneplanen sin arealdel (KPA) og kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen (KDP). Begge planane skal til første gangs handsaming i plan- og miljøutvalet i mars 2019. Planarbeidet med KPA og KDP er koordinert.

Lindås kommune har behov for to konsulentar til bistand til slutføring av arbeidet med planforslag for desse to planane. Sjå punkt 3.1 og 3.2 for meir informasjon.

2.1 Kort om kommuneplanen sin arealdel

Planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel blei vedtatt i kommunestyret 22. mars 2018.

Det er ikkje full revisjon av arealdelen. Følgjande tema er til rulling;

- Sentrumsutvikling
- Næringsutvikling
- Bustadutvikling
- Landbruk-, natur-, og friluftsområde
- Grønstruktur
- Byggeområde for naust og småbåthamner

2.2 Kort om kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen

Planprogrammet for kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen blei vedtatt hausten 2017. Hovudmål med planarbeidet er å leggje til rette for den venta veksten i folketalet i regionsenteret og omlandet rundt og førebu kommunesamanslåing. Det er dei overordna strukturane som vil ha hovudfokus. Viktige tema er regionsenterutvikling, samordna areal- og transportplanlegging, bustad, næring, landbruk, natur og friluftsliv, kulturarv, miljø og tilpassing til endra klima. Det skal leggjast til rette for å styrkje forbindelsane for gåande og syklande og sikra tilstrekkeleg areal til friluftsliv og rekreasjon i nærleiken av der folk bur.

3. Aktulle arbeidsoppgåver/tema med behov for konsulentbistand

3.1 Kvalitetssikring av føresegnene

Lindås kommune utarbeider sjølv føresegnene til dei to planane. Føresegnene skal so langt som mogleg vere felles for dei to planane. Lindås kommune ber om bistand til kvalitetssikring av føresegnene.

Føremålet med konsulentbistanden er å kvalitetssikre at føresegnene er juridisk korrekt, samt at føresegnene er korrekt formulert for å sikre den politikken som er intensjonen bak det enkelte føresegnet.

Forslag til arbeidsopplegg:

1. Lindås kommune sender over utkast til føresegner til konsulent.
2. Arbeidsmøte med gjennomgang av føresegnene kor konsulent tar opp sine spørsmål og gjev sine innspel til utkastet.
3. Eventuelt nytt arbeidsmøte ved behov.

Lindås kommune ønskjer å knytte til seg ein planfagleg ressurs til kvalitetssikring av føresegnene, jamfør forslag til arbeidsopplegg over. Stipulert omfang ca. to arbeidsveker. Forventa tidspunkt for oversending av første utkast til føresegner er ~~medio februar~~ **februar/mars 2019**.

Lindås kommune ønskjer opsjon til å forlenge kontrakt i inntil ytterligere 2 +2 måneder. Lindås kommune kan velge å innløse opsjonen på 4 måneder i flere omganger, f.eks. for 1 måned om gangen.

3.2 Bistand til utarbeiding og/eller kvalitetssikring av konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarhetsanalyse

Lindås kommune skal utarbeide konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse) for dei to planane. Det er gjennomført ein grovsiling av innspel til planane, og arbeidet med konsekvensutgreiing av innspela startar opp i januar 2019. I tillegg skal det utarbeidast ein ROS-analyse for alle nye utbyggingsområder som ein foreslår å leggje inn i KPA og KDP KAA.

Lindås kommune ønskjer å knytte til seg ein planfarleg ressurs i 100 % stilling i **to månader (8 arbeidsveker)** heile februar **og mars** 2019, for å bistå i arbeidet.

Lindås kommune ønskjer opsjon til å forlenge kontrakt i inntil ytterligere 2 +2 måneder. Lindås kommune kan velge å innløse opsjonen på 4 måneder i flere omganger, f.eks. for 1 måned om gangen.

Det er ønskje om at ~~denne~~ ressursen i gjennomsnitt har kontor plass på rådhuset i Knarvik 3 dager per veke. Det er venta at behovet for kontor plass på rådhuset er størst i starten av februar. Eit kontor, i nærleiken av prosjektleiarane for dei to planane, vil vere tilgjengeleg.

4. Krav til tilbodet

4.1 Forventa omfang

Lindås kommune ønskjer gjennom innkjøpet å sikre seg tilgang til konsulentbistand til oppgåvene som er skildra i kap. 3. Planforslagene skal til første gangs handsaming i ~~mars~~ **våren** 2019. Aktuell arbeidsperiode er februar-mars 2019.

4.2 Etterspurt kompetanse

- Planfagleg kompetanse og erfaring med utarbeiding av kommuneplan/kommunedelplan (jf. punkt 3.1 og 3.2).
- Planfagleg kompetanse og erfaring med utarbeiding av føresegner til kommuneplan/kommunedelplan (jf. punkt 3.1.).
- Planfagleg kompetanse og erfaring med konsekvensutgreiing og ROS-analyse på kommuneplan/kommunedelplannivå (jf. punkt 3.2).

4.3 Vedlegg

- Samfunnsdelen
- ROS og KU for gjeldande KPA 2011
- Vedtatt planprogram KPA
- Vedtatt planprogram KDP Knarvik-Alversund med Alverstraumen